

## Nokre eksempel på gode formuleringar i trusopplæringplanen:

Førde har ein massiv, men god plan. Det kan lett bli stressande når ein ser heile planen under eitt og tenker at ein skal lage ein slik plan. Det er ein ordrik plan – og den ber preg av at det er ein ressurssterk kyrkjelyd som har utarbeida den. Sjølv om den er god, er den ikkje perfekt. Det er heller ikkje tanken at nokon trusopplæringplan skal vere.

**Det er ikkje forventa at alle einingar skal ha like omfattande planar.** Som vi og seier i alle årsrapportsamtaler: Vi ser på heilskapen når vi vurderer planar. Men det er nokre element som er viktige å få med, og difor har vi plukka ut nokre utdrag frå den som kan vere med å gje ein peikepinn på korleis ein kan tenke når ein skal skrive plan. Det som gjer at Førde har ein særskilt god plan er at dei har jobba mykje med mål og målformulering. Dette gjer at det er tydelig korleis ein tenker planen utført i praksis.

Eit eksempel frå sentrale dimensjonar:

Kommunikasjonsarbeid	<p>Vi har laga ein informasjonsfaldar om tiltak i trusopplæringa, som foreldre får utdelt på dåpsinformasjonskveld, og som også vert utdelt på andre tiltak. Alle born og unge får skriftleg invitasjon i posten, når dei vert inviterte til eit breiddetiltak. Invitasjonen vert sendt ut ca 2 veker før tiltaket, og dersom det er eit tiltak med påmelding, vert den sendt ut 2 veker før påmeldingsfristen. I tillegg informerer vi både i kyrkjebladet og på heimesida i forkant og etterkant av arrangement. For nokre tiltak, som til dømes Spiren, nyttar ein lokalavisa til informasjon og kunngjering. Facebook har også blitt ein informasjonskanal, i forhold til ungdom, særleg konfirmantar og fjorårskonfirmantar.</p> <p>Direkte kontakt er den beste måten å sikre at informasjonen når fram på. Vi nyttar kontinuerlege tiltak til å informere om og invitere til breiddetiltak. Her når vi ofte både deltakarar og foreldre.</p> <p><b>Mål:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Lage ein grafisk profil, som skaper atkjenning. (Ferdig til januar 2013)</li><li>- Mediestrategi: Få minst 4 positive oppslag i lokale media i året. (Frå 2013)</li><li>- Utvikle heimesida slik at den også kan nyttast til påmelding. (Frå 2013)</li><li>- Opprette eit kommunikasjons/informasjonsutval. (Frå 2014)</li><li>- Alltid informere om neste breiddetiltak deltakarane kan vere med på, når ein er på eit tiltak.</li></ul>
----------------------	--

Det er eit stort pluss å formulere nokre mål på kvar dimensjon. Her er det snakk om kva mål vi her for arbeidet. Som ein ser her vil måla gje ein peikepinn på om ein oppnår det ein ynskjer eller ikkje i åra framover.

Nokre tiltak:



## 4årssamling: Skattejakt

Alder: 4 - 4 (2 Samvær, til saman 4 timar)

<b>Type tiltak:</b>	4 års-bok	
<b>Mål</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- <b>Borna kan</b> 2 songar frå 4årsboka og eit Kyrie.</li><li>- <b>Borna veit</b> kva som skjer i dåpen, og kan fortelje til andre om korleis dåpshandlinga vert utført.</li><li>- <b>Borna opplever</b> at kyrkja er ein trygg stad å vere, og har blitt kjend med Gud og kyrkja.</li></ul>	
<b>Tema/innhald</b>	<b>Livstolking og livsmeistring</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Vi undrar oss saman over kva det tyder at eg er døypt?</li><li>- Oppleve at ein høyrer heime i kyrkja.</li><li>- Oppleve at borna er viktig for Jesus, og at Jesus set borna fremst.</li></ul>
	<b>Tru og tradisjon i kyrkja</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Songar: Guds kjærlighet, Alle barn kan komme</li><li>- Bibeltekst: Mark 10, 13-16</li><li>- Jesus og barna</li><li>- Kristuskransen: Gudsperla, dåpsperla, kjærleikspersla</li><li>- Liturgi: Kyrie</li></ul>
	<b>Kristen tru i praksis</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Synge</li><li>- Be</li><li>- Utforske kyrkja</li><li>- Feire gudsteneste</li></ul>
<b>Arbeidsmåtar</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Laurdag: Samling der ein blir kjent i kyrkjerommet og med perlene i kristuskransen, gjennom skattejakt. Kvart born lagar seg eit smykke av perlene dei finn. Øver på songar og liturgi til gudstenesta søndag. Deltaking i skodespel om dåp, leik og måltidsfellesskap.</li><li>- Søndag: Gudsteneste med utdeling av Mi Kyrkjebok (IKO, 2011). Borna har med seg smykket dei laga på laurdagen, og dette er utgangspunkt for preika.</li><li>- Knøttekoret syng på gudstenesta, og 4åringane får invitasjon til å bli med i knøttekoret.</li><li>- Materiell til foreldre: Intro blad (IKO)</li></ul>	
<b>Ansvarleg</b>	Trusopplærar, sokneprest, kantor og 2 ungdomsarbeidarar	
<b>Kommentar:</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Tiltaket går over 2 dagar. Det er mogleg å delta berre på samlinga søndagen, men dei fleste vel å vere med begge dagar.</li><li>- 2-3 uløna medarbeidarar er med kvar gong. Og har blant anna praktisk ansvar i forhold til måltidet laurdagen.</li><li>- Vi har 4årssamling i mars for born fødde januar-juni, og i september for born fødde juli-desember.</li></ul>	

	- Foreldra er med på samlinga laurdagen, og heile familien er invitert til gudstenesta på søndag.
<b>Vedlegg 1:</b>	Vedlegg 4årssamling - rammefaktorplan.docx

At måla er tydelige i forhold til kvar barnet (borna) ideelt sett skal vere etter at tiltaket er gjennomført, gjer at resten av tiltaket er enklare å fylle ut. Legg og merke til at ein konsekvent brukar presensform på setningane. Formuleringar som «skal høyre om, vil, får...» og liknande viser til prosessen, eller vegen mot målet, framfor målet.

Det kan ein og sjå på tiltaka Lys Vaken og konfirmasjon. (eg har redigert vekk nokre få kommentarar om ting som er spesifikt for dei som har skrive denne planen, men de får likevel eit godt bilde) Det kan virke som flisespikkeri å bruke så mykje energi på målformuleringar, men erfaring viser at desto tydeligare målet er, jo lettare er det å få på plass resten av tiltaket. Og desto meir håretet mål, desto fleire flokar..

Den gjennomførte bruken av dei utgula formuleringane, sørgjer for at barnet/ungdommen er subjekt – og hjelper oss å få på plass **gode, konkrete og MÅLBARE mål**.



### Lys Vaken

Alder: 11 - 11 (1 Samvær, til saman 14 timar)

<b>Type tiltak:</b>	LysVåken	
<b>Mål</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- <b>Borna kan</b> 4 nye songar, deriblant Lys Vaken songen og har god kjennskap til kyrkjeåret</li> <li>- <b>Borna kjenner</b> nattverdsliturgien</li> <li>- <b>Borna opplever</b> at dei høyrer til i kyrkja og at Gud er «Lys Vaken» for dei.</li> <li>- <b>Borna er kjende</b> med kyrkjerommet og gudstenesta</li> </ul>	
<b>Tema/innhald</b>	<b>Livstolking og livsmeistring</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Reflektere over kva det vil seie å vere lys vakne ovanfor seg sjølv, Gud og kvarandre, og kva det vil seie at Gud er lys vaken ovanfor oss.</li> <li>- Å vere ein del av ein større samanheng. Lys Vaken blir arrangert andre stader enn i vår lokale kyrkjelyd.</li> <li>- Kjenne seg trygg og oppleve å bli sett.</li> <li>- Kva har nattverd å seie for meg?</li> <li>- Oppleve at ein kan bidra i ei gudsteneste, og at eigne tankar/refleksjonar kan nyttast i ei gudsteneste.</li> </ul>
	<b>Tru og tradisjon i kyrkja</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Bibeltekst: Luk 22, 14-23 Nattverden</li> <li>- Liturgi: Sanctus</li> <li>- Salmar: Hosianna, Davids son, Når vi deler det brød, Gjer døri høg, Vi tenner lys</li> <li>- Kyrkjeåret - fargar, symbol</li> <li>- Nattverden</li> </ul>
	<b>Kristen tru i praksis</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Synge</li> <li>- Vandre og utforske</li> <li>- Medliturgar i gudstensta</li> </ul>

		- Be bønner - Lystenning
<b>Arbeidsmåtar</b>		- Aktivitetar og leik - Vandring i og rundt kyrkja - Gudstenesteverkstad - Måltid - Film - Programskisse lagt ved
<b>Ansvarleg</b>		Trusopplærar, kantor, sokneprest, 4 ungdomsarbeidarar
<b>Kommentar:</b>		- Foreldre er med som uløna medarbeidarar, minst 10 foreldre er innom tiltaket. Det er også ein del ungdommar med som uløna medarbeidarar. - Tween Sing og Speidarane deltek også i gudstenesta søndag, og deltakarane på Lys Vaken får i ettertid invitasjon til å bli med i desse gruppene.
<b>Vedlegg 1:</b>		Vedlegg Lys Vaken - programskisse.doc
<b>Vedlegg 2:</b>		Vedlegg Lys Vaken - rammefaktorplan.docx



## Konfirmasjon

Alder: 14 - 15 (20 Samvær, til saman 62 timar)

<b>Type tiltak:</b>	Konfirmasjon	
<b>Mål</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Konfirmanten kjenner innhaldet i frelseshistoria, og har kunnskap om den treeinige Gud</li> <li>- Konfirmanten kan Truvedkjenninga, Herrens Bøn, dei 10 bod, Den gyldne regel, Den vesle Bibel, Det doble kjærleiksbodet og Kristuskransen</li> <li>- Konfirmanten er kjend med innhald og form på gudstenesta.</li> <li>- Konfirmanten er kjend med sakramenta og er trygg på å gå til nattverd.</li> <li>- Konfirmanten kan å bruke Bibelen.</li> <li>- Konfirmanten har kunnskap om korleis ein skal ta vare på seg sjølv, skaparverket og korleis vise nestekjærleik.</li> <li>- Konfirmanten opplever at ein er ein del av eit kyrkjelydsfellesskap, blir sett og har gode opplevingar i eit trygt miljø.</li> <li>- Konfirmanten kan salmar, knytt til tema i Kristuskransen og ulike fasar i livet.</li> </ul>	
<b>Tema/innhald</b>	<b>Livstolking og livsmeistring</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kven er eg, og kva vil det seie å vere ansvarleg for eige liv?</li> <li>- Bli trygg på korleis ein kan møte ulike livssituasjonar, og verte medviten på at kyrkja og den kristne trua kan vere til hjelp, både for ein sjølv og andre, når livet vert utfordrande.</li> <li>- Få hjelp til å ta gode/kloke val</li> <li>- Kropp, sjølvbilete og seksualitet - kva seier Bibelen om det? Kvifor skal eg høyre på det i dag?</li> <li>- Kjenne seg heime i kyrkja, og vere ein naturleg del av nattverdsfellesskapen.</li> </ul>

		<ul style="list-style-type: none"> <li>- Bli trygg på eiga tru, og over valet ein har teke om å å konfirmere seg.</li> <li>- Oppleve at ein er vitkig i fellesskapem, både i gudsteneste og gjennom å gjere ting i samfunnet som til dømes KN-aksjonen</li> </ul>
	<b>Tru og tradisjon i kyrkja</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kristuskransen</li> <li>- Bibeltekstar</li> <li>- Salmar</li> <li>- Eigen plan lagt ved.</li> </ul>
	<b>Kristen tru i praksis</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Bøn</li> <li>- Song</li> <li>- Delta i gudsteneste</li> <li>- Misjon</li> <li>- Diakoni</li> <li>- Vise omsorg</li> <li>- Måltidsfellesskap</li> </ul>
<b>Arbeidsmåtar</b>	<p>- Alle konfirmantane deltek på 10 gudstenester, 2 helgesamlingar, 5 temakveldar, 1 dagsleir, nattcup, KN-aksjon. I tillegg må konfirmantane også velje ein miljøaktivitet. Det kan vere leir som går over ei helg, aktivitetar som går fast kvar veke, eller aktivitetar som har 4-8samlingar i løpet av året.</p> <p>- Ein varierer undervisinga og aktivitetane med song, leik, hobbyaktivitetar, vandring, quiz, film, samtale, måltid. Etersom konfirmantundervisinga er på kveldstid, etter at konfirmantane fyrst har vore på skulen, ynskjer vi å ha ein del aktivitetsbassert læring.</p>	
<b>Ansvarleg</b>	Kateket	
<b>Kommentar:</b>	<p>- Kateketen er konfirmantansvarleg, men i tillegg er trusopplærer, leiar for Trusopplæringa, diakoniarbeidar, sokneprestar og kantorar med, i større eller mindre grad. Ungdomsarbeidarane er også inne på deler av konfirmantundervisinga, og er, ved behov, støttekontakt for konfirmantane.</p> <p>- Alle foreldre er med som uløna medarbeidarar ein eller to gongar i løpet av konfirmantåret, anten som vakt på nattcup, lage mat til undervisningsdagane, køyring til KN-aksjon eller det kan vere knytt til eit miljøtilbod.</p>	
<b>Vedlegg 1:</b>	Vedlegg Konfirmasjon - innhaldsplan3.doc	
<b>Vedlegg 2:</b>	Vedlegg Konfirmasjon - rammefaktorplan.docx	

Ein annan ting som er svært bra i Førde sin plan er vedlegget «rammefaktorplan» som dei har på alle tiltak. Dette er eit ypperlig verktøy for å kartlegge kven har ansvar for kva og kva tid skal oppgåver utførast. Det gjer at ein ikkje treng å sitte og diskutere dette kvar gong tiltaka skal gjennomførast.

Her er t.d. rammefaktorplan for 4-årssamlinga:

<b>Rammefaktorar</b>	
Rom	Laurdag: Kyrkja Søndag: Kyrkja
Tilsette	Ansvarleg: Trusopplærar Andre tilsette med: Kantor Sokneprest 2 ungdomsarbeidarar
Ulønna medarbeidarar	2-3 kvar gong
Framdrift: Ansvarleg for tiltaket er ansvarleg for at desse oppgåvene vert utført.	<p>I forkant av kvar samling</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Reserve Kyrkja (så tidleg som mogleg)</li> <li>- Sende ut invitasjon til alle 4-åringane (2 veker før)</li> <li>- Sjekke ut kva utstyr ein har, og kva som må bestillast (2 veker før)</li> <li>- Ha møte med alle dei tilsette og uløna medarbeidarane som skal vere med på tiltaket, og avklare arbeidsfordeling. (seinast 1 veke før)</li> <li>- Levere datoar til Kyrkjeseekretær, som legg det inn på Origo</li> <li>- Levere dato og informasjon til web-ansvarleg, som legg ut informasjon på heimesida</li> <li>- Gjere innkjøp</li> </ul> <p>I etterkant av kvar samling</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Ha evalueringsmøte</li> <li>- Lage reportasje til Heimesida og kyrkjebladet</li> <li>- Årsrapport</li> </ul>

Det kan og vere greitt å sjå korleis dei har løyst dette ved konfirmasjon, som er meir omfattande i organiseringa:

## Tiltak: Konfirmasjon

### Rammefaktorplan

Rammefaktorar	
Rom	Helgesamling og temadagar: Konfirmantrummet, Storsalen og Biblioteket på Kyrkjetunet. Kyrkja
Tilsette	<p>Ansvarleg: Kateket</p> <p>Andre tilsette med: Leiar for Trusopplæringa Diakoniarbeidar Sokneprest 1 Sokneprest 2 Trusopplærar Kantor 1 Kantor 2 Ungdomsarbeidarar</p>
Uløna medarbeidarar	Alle konfirmanntforeldre har 1-2 oppgåver i løpet av konfirmanntåret
<p>Framdrift: Ansvarleg for tiltaket er ansvarleg for at desse oppgåvene vert utført.</p>	<p><u>Mai</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Informasjon på skulane, til alle potensielle konfirmanntar om konfirmanntåret</li> </ul> <p><u>Juni</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Konfirmanntinnskriving, med samtale med kvar einskild konfirmannt.</li> <li>- Organisering av miljøtilbod, og førebuing til konfirmanntåret.</li> <li>- Gjere avtale med nokon som kan ha hovudansvar for matlaginga i konfirmanntåret</li> </ul> <p><u>August</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Informasjonsbrev til alle konfirmanntane og foreldre.</li> <li>- Gjere avtalar i forhold til miljøtilbod.</li> <li>- Organisere konfirmanntdeltaking på gudstenester.</li> <li>- Planlegging og gjennomføring av Helgesamling 1</li> </ul> <p><u>September</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Planlegging og gjennomføring av Konfirmanntdagar på Nesholmen. Gjere ny avtale om neste år, både med Nesholmen og Covenant Players.</li> <li>- Planlegging og gjennomføring av Temadag 1</li> </ul> <p><u>Oktober</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Planlegging og gjennomføring av Foreldremøte</li> <li>- Planlegging og gjennomføring av Temadag 2</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Førebuing til og gjennomføring av Nattcup</li> </ul>
	<p><u>November</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Planlegging og gjennomføring av Temadag 3</li> <li>- Planlegging og gjennomføring av Lysmesse (1.søndag i advent)</li> </ul>
	<p><u>Januar</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Planlegging og gjennomføring av Temadag 4</li> <li>- Planlegging og gjennomføring av Foreldremøte</li> <li>- Fastsette konfirmasjonsdatoar for neste konfirmantår.</li> </ul>
	<p><u>Februar</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Planlegging og gjennomføring av Temadag 5</li> </ul>
	<p><u>Mars</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Planlegging og gjennomføring av Helgesamling 2</li> <li>- Førebuing til og gjennomføring av KN-aksjon</li> <li>- Organisere konfirmasjonsgudstenestene (kappepåkledarar, bønnekort...)</li> </ul>
	<p><u>April/Mai</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Øving til konfirmasjon</li> <li>- Konfirmasjonsgudstenester</li> </ul>

Måten ein set opp slike ting på vil variere frå plass til plass, og medarbeidar til medarbeidar. Dette er kun meint å vere til inspirasjon – slik at ein kan sjå korleis andre har løyst det.

Utanom det som er vist her vil heftet *Generelle råd til utarbeiding av gode trusopplæringsplanar* (2013) vere til god hjelp i planarbeidet. Ikkje nøl med å ta kontakt med rådgjevane på bispedømekontoret om de lurer på noko!